Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016 –2019

1 Bakgrunn

1.1 Om ordninga

Ordninga med Regionale forskingsfond (RFF) vart vedteke av Stortinget som del av Forvaltningsreforma, og dei første 5 åra finansiert gjennom renter frå ei fondsavsetting på 6 milliardar kroner avsett i Statsbudsjettet for 2009. Frå 2015 vart ordninga finansiert gjennom ein ordinær post på Statsbudsjettet. Regionalt forskingsfond Vestlandet fekk i 2015 tildelt kr. 31. 965. 000.

Det er oppretta 7 regionale forskingsfond i Noreg. RFF Vestlandet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Ein kan lese meir om ordninga og alle dei regionale forskingsfonda på www.regionaleforskingsfond.no

Fylkestinga i fondsregionen nemner opp fondsstyre og vedtek i kvar valperiode den felles bestillinga som styret skal arbeide etter. Fondsstyret er ansvarlege for at det regionale forskingsfondet når dei fastsette føremål med ordning og mål fastsatt av deltakarfylkeskommunane i felles bestillingsbrev. Kvart år får fylkestinga rapport frå arbeidet, med høve til å gi supplerande føringar til vedteken bestilling.

Kunnskapsdepartementet har i eigne retningsliner[1] fastsett føremål for regionale forskingsfond. Følgjande mål henta frå retningslinene skal gjelde for Regonalt forskingsfond Vestlandet:

- Styrke forsking for regional innovasjon og regional utvikling.
    - Finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionen sine prioriterte innsatsområde.
    - Medverke til at bedrifter og offentlige verksemder aukar sin innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere og ta i bruk resultat frå FoU.
    - Stimulere til et tettare samarbeid mellom FoU-institusjonar og styrke koplingane til næringsliv og offentlig sektor i eigen region.
- Mobilisere til auka FoU-innsats i regionane.
    - Bidra til at bedrifter og offentlege verksemder hever sin kompetanse og innovasjonsevne ved å engasjere seg i FoU-arbeid.
    - Styrke dialogen om forskinga sin relevans for regionale behov.
- Bidra til økt forskingskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionene.
    - Bidra til langsiktig, grunnleggjande kompetanseutvikling i FoU-institusjonar regionalt innanfor regionenes prioriterte satsingsområder.
    - Knytte institusjonane sin FoU-kompetanse tettare til øvrige regionale FoU-aktivitetar.
- Skape utviklings- og læringsarenaer der regionale erfaringar kan verte drøfta i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktivitet.
- Sørgje for tett samspel mellom aktivitet i regionane og deira relasjonar til andre nasjonale og internasjonale program og aktivitetar.

Retningslinene omtalar også organisasjonsform, søknadstypar og krav til forvaltning av ordninga: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-regionale-forskningsfond/id593488/

[1] Kunnskapsdepartementet (KD) 2009a: *Retningslinjer for regionale forskningsfond. Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 23.10.09* Revidert 07.04.2013, med virkning fra 07.04.2013. Kapittel 12 om regelverket for offentlig støtte etter EØS-avtalen er oppdatert 29.01.2015..

1.2 Bestillinga skal gi regionale prioriteringar og leggje til rette for styret sitt arbeide

Kunnskapsdepartementet sine retningsliner gir hovudretninga og rammeverk for arbeidet med Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Bestillingsbrevet skal danne hovudretninga for dei årlige prioriteringane av fondet og skal gi fondsstyret rom for å justere kursen utan å gå vegen om nye strategidokument[2] (KD 2009b:16).

Dette bestillingsbrevet tek utgangspunkt i dei tre fylkeskommunane sine forskingsstrategiar og andre politiske styringsdokument med verknad for FoU arbeidet – slik som Regional planstrategi.

2 Vestnorske særtrekk og sentrale utfordringar

Noreg er eit lite og relativt egalitært land med stor grad av fellestrekk regionane i mellom. Likevel er det særtrekk som gir viktige skilnader i livsgrunnlag og som dermed skaper særskilte vestnorske utfordringar.

Vestlandet har unike og svært gode føresetnader innan energisektoren og marin produksjon av mat. Naturgrunnlaget gir særeigne og mange stader krevjande grunnlag for landbruk. Men det utfordrande landskapet er også storslått, med eit stort potensial for reiseliv og opplevingar. Vestlandet har dessutan ei befolkning som like gjerne er vendt ut mot verda som mot eige land. Og folk er etter tradisjon ofte vane med å endre seg etter skiftande næringsgrunnlag når det er naudsynt

2.1 Oljeøkonomien og behovet for fleire bein å stå på

Petroleumsnæringen har svært stor verknad for verdiskapning og sysselsetting i Noreg. Statistisk sentralbyrå anslår at 240 000 sysselsette personar i 2014 var direkte eller indirekte knytt til petroleumsnæringa. Dette utgjorde 8,7% av den samla sysselsetting i Noreg.

For Vestlandet er avhengigheten av petroleumsnæring betydelig større enn for landet sett under eitt. Samla er 120 000 – 130 000 personar direkte og indirekte sysselsett i petroleumsnæringa i dei tre fylka. Dette utgjer om lag halvparten av den petroleumsrelaterte sysselsettinga i Noreg.
Rundt 40 prosent av sysselsettinga i Rogaland er direkte eller indirekte relatert til petroleumsrelatert verksemder. For Hordaland er talet 21 prosent og for Sogn og Fjordane er talet 8 prosent. Rogaland er med dette *fem gonger så oljeavhengig* som heile landet, mens Hordaland er 2 ½ gang så oljeavhengig. Sogn og Fjordanes oljeavhengighet er likt landsgjennomsnittet[3]

Utfordringane for Vestlandet er relatert til minst tre forhold. For det første er det som alltid usikkert korleis oljeprisen vil utvikle seg. For det andre har det skjedd ei rivande utvikling av nye, alternative energikjelder. Denne utviklinga har skjedd raskare enn dei fleste hadde spådd. For det tredje utgjer den omfattande oljeavhengigheten eit strukturelt problem for regionen. Dette er ei utfordring som gjeld nesten uavhengig av dei to punkta føre.

Usikkerheten om petroleumsnæringa si framtid og den sterke oljeavhengigheten er venteleg av langsiktig og strukturell karakter. Nye krav til berekraftige klima- og miljøløysingar vil også påverke denne situasjonen. For å trygge grunnlaget for velferd og busetting bør vi på Vestlandet satse stort og langsiktig på å utvikle fleire næringar som også tek i vare eit berekraftig klima – og miljøperspektiv.

Introduksjon av ny teknologi innan energiområdet vil vere vesentleg. Ressursgrunnlaget og potensialet for energiproduksjon frå nye og meir miljøvennlege kjelder er stort, men teknologien og marknadene er ikkje tilstrekkeleg utvikla. Derfor er industriutvikling og kommersialisering innan desse nye områda ofte vanskelig. Omstilling til meir klima- og miljøvenlege løysingar vil krevje ei tverrfagleg

[2] Kunnskapsdepartementet (KD) 2009b: Utredning om videre utforming av regionale forskningsfond. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 02.06.09..
[3] IRIS notat «Forskningsløft Vest», august 2015 er referansepunkt for fleire faktaopplysningar i dokumentet

tilnærming som involverer teknologisk, samfunnsvitskapleg og naturvitskaplege kunnskap. Det er derfor eit breitt behov for kunnskap innan dette feltet og for utvikling av samarbeid på tvers av bransjar og sektorar.

Dei komande åra blir svært viktige i arbeidet med å leggje til rette for ein framtidsretta og mindre oljeavhengig økonomi. Det høge investeringsnivået og den særeigne høge lønnsemna i olje- og gassnæringa har i delar av Vestlandet drenert grunnlaget for alternativt næringsliv av større omfang. Gjort riktig, ligg nå forholda godt rette for et meir innovasjons- og forskingsdrive næringsliv også fordi dei menneskelege ressursane nå er tilgjengelige. Bedrifter innan petroleumssektoren reduserer nå bemanninga og dei er på utkikk etter nye muligheiter og marknader dei kan levere tenester og produkt til.

2.2 Hav og energi - potensiale for nye koblinger mellom næringsområder

Vestlandet sin økonomi er i stor grad ein «Hav- og energi-økonomi». Denne økonomien bygg på høgt produktive og innovative bedrifter innan ulike marknader. Det gjeld petroleumsutvinning, sjøtransport, havbruk, fiskeri, marin- og fjordturisme, bygging av skip, oljeinstallasjonar og andre marine installasjonar. Det inkluderer også leverandørar til desse bransjane. Vidare femner «Hav- og energiøkonomien» vasskraft, vindkraft og energi-intensiv industri som aluminiums- og annen metallproduksjon samt leverandører til desse bransjane.

Det er teknologiske og kunnskapsmessige koplingar mellom sektorer i hav- og energi-økonomien. Det er døme på dette når skipsverft bygg fartøy for petroleumssektoren, fiskeri og havbruk, og ved at same selskap kan opererer både offshore supply fartøy og fiskefartøy. Hav- og energi-økonomien nyttar generiske teknologiar og kunnskap, i den forstand at same teknologiar og kunnskap med tilpassing kan nyttast av fleire sektorar i innovasjons- og produksjonsprosessar. I det heile har Vestlandet ein hav- og energiøkonomi med tradisjon over generasjonar som «for tida er oppteken av olje – og gass», slik fleire har peika på.

Det er potensiale for å utnytte kompetansen innan hav- og energiøkonomien på fleire relaterte og nye måtar. Også andre næringar vil kunne koplast opp mot slike prosessar. Vestlandet har mange sterke næringsmiljø innan metallindustri, byggevare, IKT, finans, reiseliv – opplevingar og kultur/media. Dessutan er det mange sterke fag- og forskingsmiljø i landsdelen.

Ein vil kunne auke innovasjonsevna på Vestlandet dersom koplingane mellom ulike bransjar og sektorar kan verte styrka ytterlegare i form av kunnskapsoverføring og investeringar. Den negative utviklinga innan petroleumsnæringane er slik både eit problem og en ny muligheit!

2.3 Bioøkonomi – bygge vidare på tradisjonar innan fiskeri og landbruk

Ny teknologi gjer det mogeleg å foredle råvarer frå jordbruk, skogbruk og marin sektor til eit vidt spekter av verdifulle produkt som mat, dyrefor, ingrediensar, kjemikaliar, materiale, energi, fiber og andre industriprodukt. Det vi med ei felles nemning kallar *bioøkonomi* inneber at biomasse vert utnytta i berekraftige kretsløp

For Noreg kan auka satsing på bioøkonomi gje viktig bidrag til overgangen frå ein petroleumsøkonomi til ein langsiktig og berekraftig bioøkonomi. Vestlandet har naturgitte fortrinn med tilgang til marine ressursar og gode produksjonsområde for sjømat og andre marine produkt og råvarer. Regionen har dessutan sterke landbrukstradisjonar. Det finst store unytta ressursar knytt til eit breitt spekter av råvarer frå skogbruk, jordbruk, havbruk, fiskeri og andre marine ressursar. Kjerneområde for den marine klynga ligg på Vestlandet. Akvakulturindustrien er kunnskapskrevjande og har behov for kontinuerleg forsking og innovasjon. Regionen har eit verdsleiande marint forskingsmiljø. Det finst vidare mykje kunnskap om ressursforvalting, bioteknologi, materiale og energi.

Det er viktig å leggje til rette for meir berekraftig bruk av ressursar og naturgitte råvarene. Vidare er det viktig å leggje til rette for auka foredling av naturgitte råvarer i regionen, for slik å styrke busetting og arbeidsplassar. Ei satsing på forsking som både gir ny kunnskap om Vestnorske råvarer og

potensiale for nye smarte produksjonsprosessar utgjer eit stort potensiale for berekraftig og bioøkonomisk samfunn på Vestlandet

2.4 Innovasjon i offentleg sektor
Ut frå dei samfunnsendringane vi står overfor, vil offentlig sektor få store utfordringar med å løyse sitt samfunnsoppdrag med tilgjengelege ressursar. Endring og omstilling er naudsynt. Innovasjon er vurdert som avgjerande for å kunne opprettthalde god kvalitet på offentlige tenester i møtet med auka forventningar i befolkninga, demografisk utvikling og ei globalisert verd.

Samfunnsoppdraget og tenesteutvikling vil framleis vert løyst i eit mangfaldig samspel mellom aktørar i offentleg, privat og frivillig sektor. Gjennomføringa av kommunereforma vil representere vesentlege endringar i rammene for kommunane sitt arbeid. Den vil, i tillegg til andre reformer på nasjonalt og regionalt nivå innan fleire sektorar, kunne verke inn på både primærkommunar og fylkeskommunar sine ansvarsområde og måten dei ulike forvaltningsnivåa må løyse oppgåver på. Den vestnorske geografien, busettings- og næringsstrukturen set også ramma for mulegheiter og utfordringar i utvikling av berekraftige samfunn. Ei undersøking av offentlig sektor i Noreg viser at det vert gjort mykje erfaringsbasert endrings- og innovasjonsarbeid, men at det likevel er eit stort potensiale for å effektivisere og forbetre tenestene[4].

Offentlig sektor har i all hovudsak avgrensa erfaring med samarbeid med FoU-institusjonar og med å bruke forsking i sitt innovasjonsarbeid. Dette gjeld innan dei fleste sektorområde og femner både det generelle forbetringsarbeidet og arbeidet med endring og omstilling. Unnataket på Vestlandet er dei regionale helseføretaka, der det skjer mykje forsking. Tilsvarande er det god kontakt med forskingsmiljø og eigen kompetanse t.d. innan den regionale tannhelsetenesta og ved fleire av musea i regionen.

Det ei utfordring at det ikkje alltid er interesse, kompetanse eller kapasitet i FoU-miljø til å gå inn i problemstillingar som offentleg sektor er opptatt av. Samstundes treng offentleg sektor kompetanse og tid til å sjå forsking som hjelpemiddel til å løyse offentlege utfordringar og til å utvikle eigne forskingsspørsmål ut frå sine føresetnader. Utvikling av kunnskap og kompetanse om forsking og bruk av forsking er ein føresetnad for å auke forskingsaktiviteten i privat og offentleg sektor.

Ein vidare satsing på forskingsbasert innovasjon med og for offentleg sektor, særskilt kommunane, vil bidra til å skape berekraftige vestlandssamfunn. med gode sosiale- og kulturelle vilkår, økonomisk verdiskapingspotensial i fleire næringar og tilpassa klima- og miljøutfordringar i regionen.

2.5 Demografi, sentralisering og større etnisk mangfald Aukande demografiske skilnader mellom sentrale og meir perifere strøk pregar delar av regionen, og særleg Sogn og Fjordane der heile fylket opplever slike endringar. Sogn og Fjordane delar utfordring med både Hordaland og Rogaland med omsyn til sentralisering innan fylket. Distriktsområda har mangel på kunnskapsarbeidsplassar og mykje av næringslivet er tufta på tradisjonelle næringar og lite nyetablering. Ovanfor offentleg sektor er det parallelt eit auka forventningar i befolkninga til kvalitet på velferdstenester som set desse tenestene under press. Det vil venteleg ikkje vere midlar til å møte alle dei nye behova.

Auka etnisk mangfald innan folkesetnaden utfordrar Vestlandssamfunnet på mange måtar. Det er behov for meir kunnskap om korleis ein kan styrke integreringsprosessar i lokalsamfunn, innan arbeidslivet og knytt til den offentlege tenesteproduksjonen.

[4] SSB rapport 25/2011 Foyn, F. Innovasjon i offentlig sektor

3 Regionale føringar for arbeidet med RFF Vestlandet

RFF Vestlandet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

Prioriterte forskingstema:
RFF Vestlandet skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forsking innan desse tema:

1. Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.
2. Sterke næringsmiljø på heile Vestlandet. Det skal også vere ei særleg merksemd på industrialisering og vidareforedling av råvarer.
3. Bærekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi
4. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane
5. Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom offentlege og bedriftsretta prosjekt.

3.3 Finansiere brukarstyrt forsking med innovasjonspotensiale

RFF Vestlandet skal arbeide for at forsking fondet finansierer gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor. For å oppnå dette best skal fondet halde fram sitt hovudfokus på brukarstyrt forsking. Det betyr at det som hovudregel skal vere bedrifter og organisasjonar knytt til kommunale organisasjonar som kan vere prosjektansvarleg søkjarar til fondet.

Knytt til spesielle satsingar eller tema for utlysing kan det vere behov for sterkare forskarmedverknad også i det administrative arbeidet med søknader. I desse tilfella kan fondsstyret opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar står som prosjektansvarleg søkjar.

RFF Vestlandet skal vurdere om det er grunnlag for å etablere særlege programsatsingar innan utvalde temaområde. Eit verktøy vil vere å aktivt kople aktørar med ulik funksjon innan særleg priorterte verdikjeder eller utviklingsområder.

3.4 Søknadstypar

RFF Vestlandet skal som hovudregel lyse ut midlar innan søknadstypane
Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt/Regionale offentlege prosjekt (Hovudprosjekt).

Knytt til spesielle satsingar eller tema for utlysing kan det vere behov for å nytte andre søknadstypar. Fondsstyret kan i desse tilfella opne opp for dette.

3.5 Samhandling med andre virkemiddel

RFF Vestlandet skal legge vekt på å samordne aktiviteten inn mot andre relaterte finansieringsordningar. Fondet skal særleg koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunane sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse.

RFF Vestlandet skal samarbeide med dei fylkeskommunale VRI prosjekta og det regionvise mobiliseringsarbeidet som kjem etter at VRI prosjektet er stilt ferdig. Her skal fondet søkje felles fokus på mobilisering av bedrifter til forsking i regionen.

RFF Vestlandet skal søkje å mobilisere bedrifter og offentleg sektor til internasjonalt forskingssamarbeid og særleg ei deltaking i Horisont 2020. Styret for fondet må vurdere forskingsfinansieringa også i høve til internasjonale verktøy som TRL skalaen som EU nyttar.

4. Ansvar for måloppnåing og rapportering

Fondsstyret er ansvarlege for at RFF Vestlandet bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunane si bestilling.

Årleg aktivitetsrapportering frå fondsstyret skal gjera greie for fondet si verksemd og kva aktivitetar som er utført, for å nå fondet sine overordna målsetjingar og målsetjingar gitt i bestillingsbrevet frå deltakarfylkeskommunane og fondet sin handlingsplan. Aktivitetsrapporteringa skal gjera greie for kva resultat som er oppnådd.

Fylkestinga vert invitert til å gi supplerande føringar ovanfor fondsstyret i samband med dei årlege rapportane.